

Radøy kommune  
teknisk etat

5936 MANGER

18. mars 2019

**Gnr. 27 bnr. 12, FLØHOLMEN AS.  
Ny søknad om rammeløyve til utlegging av flytebyggje.  
Nye opplysninger – og ny (politisk) handsaming.**


---

Ein viser til søknader av 4. mai 2009 og 30. juli 2018, kommunens tekniske etat sitt administrative avvisningsvedtak av 06. 09. 2018, (delegasjonssak 226/2018), klage herifrå til Radøy kommune datert 7. september 2018 og Fylkesmannen i Vestland sitt avvisningsvedtak av 11. 01. 2019.


Det sentrale argumentet i kommunens og fylkesmannens avvisningsvedtak er at det ikkje er søkt om dispensjon frå kommuneplanens **byggjegrænse mot sjø**.

Ved nærare gjennomgang av tilsende kommuneplanopplysningar kjem det fram at

- byggjegrænse mot sjø ikkje har vore tema i kommuneplanarbeidet
- strekane på kommuneplankartet er forklart som **forbudsgrense sjø** :



*Utsnitt av kommuneplankart oversend frå kommunen*



Kommuneplankartets **forbudsgrense sjø** – med reguleringsframlegg av 2011 under

Plan- og bygningslova har to slags forbod :

- tidsavgrensa byggje- og delingsforbod i påvente av planavklaring
- forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag :

§ 1-8. Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag

I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringer kan ikke settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann. Dette er likevel ikke til hinder for fradeling ved innløsning av bebyggelse etter tomtefestelova.

Forbudet etter andre ledd gjelder så langt annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2.

Forbudet etter andre ledd gjelder ikke der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr. 4.

For områder langs vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftinteresser, eller for vassdragets kapasitet, skal kommunen i kommuneplanens arealdel etter § 11-11 nr. 5 vurdere å fastsette grense på inntil 100 meter der bestemte angitte tiltak mv. ikke skal være tillatt.

Endret ved [lover 19 des 2014 nr. 91](#) (ikr. 1 jan 2015 iflg. [res. 19 des 2014 nr. 1727](#)), [8 mars 2019 nr. 5](#) (ikr. 8 mars 2019 iflg. [res. 8 mars 2019 nr. 195](#)).

Av første ledd framgår av forbudet i realiteten berre vil gjelda LNF-område. Fjerde ledd listar opp unntak frå andre ledd.

---

Den omsøkte Fløholmen flytebryggje ligg til eit etablert industrianlegg som er disponert til industri på kommuneplankartet, i eit sjøareal som er disponert til småbåthamn på kommuneplankartet.

Den omsøkte flytebryggja er såleis ikkje råka av forbodsreglane i pbl § 1-8.

Skal flytebryggja plasserast innafor kommuneplankartet «byggjegrænse sjø», vil anlegget koma for langt ut i seglingsløpet (den sentrale tredjedelen) i Kobbevågen og hindra tilkomsten til industrikaiaen.

Eg tillet meg å be om at søknaden av 30. juli 2018 vert revurdert og teken opp til politisk handsaming.

Med helsing



Kopi :        *Håkon Zakariassen* <post@floholmen.no>